

Fra: Anne Aune (Anne.Aune@hfk.no)
Sendt: 22.10.2014 10:40:57
Til: Kultur- og idrettsavdelinga - Postmottak
Kopi:

Emne: Invitasjon til seminaret Fra ting til ting - tingets arkeologi og historie på Bryggens Museum i Bergen torsdag 27.november

Vedlegg:

I høve grunnlovsjubileet 2014 har Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune gleder av å invitere til seminaret «Frå ting til ting – tingets arkeologi og historie» på Bryggens Museum i Bergen torsdag 27.november 2014.

Seminaret ynskjer å få fram tinget som eit arkeologisk kulturminne og kaste lys over dei lange linjene i historia til det folkestyret vi har i dag. Er det ein samanheng frå dei tidlegaste tinga til grunnlova av 1814 og dagens Storting? Korleis såg tingstadene fysisk ut, korleis vart dei geografisk plassert og kva slags aktivitetar fann stad?
 Seminaret er gratis og ope for alle.

Sjå program nedanfor eller sjå: <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Kultur/Kulturnytt/ingstadseminaret-Fra-ting-til-ting/>

Påmelding <https://www.linkevent.no/Events/RegForm.aspx?id=f4918980-ac73-4375-bfd8-cd287ef8d5b9>

Påmeldingsfrist er 15. november 2014

ONSDAG 26. NOVEMBER

18.00-19.30 Byvandring i Bergen sentrum til steder som er relevante for seminarets tema
 19.30 Middag

TORS DAG 27. NOVEMBER

09.15-10.00 Registrering og kaffe
 10.00-10.15 Velkommen ved Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune

FØRSTE SESJON - LEDER FYLKESKULTURSJEF ANNA ELISA TRYTI

10.15-10.45 Gulatinget og Gulatingsloven
 Professor emeritus Knut Helle, Universitetet i Bergen
 10.45-11.15 Den europeiske bakgrunnen og de eldste lagtingene i Norge
 Professor Frode Iversen, Universitetet i Oslo
 11.15-11.30 Beinstrekk
 11.30-12.00 På sporet av tingmennene – Frostatinget i lys av nye antikvariske, arkeologiske og geofysiske undersøkelser
 Stipendiat Arne Andersson Stamnes, NTNU Trondheim
 12.00-12.30 Lagmennene i Norge 1607-1797- Overdømmere og regionale matadorer
 Tidlegare statsarkivar Hans Eivind Næss, Stavanger
 12.30-13.00 Den mellomalderske tingtradisjonen og grannestemne fram mot 1814
 Professor Jørn Øyrehagen Sunde, Universitetet i Bergen
 13:00-13.40 Enkel lunsj – plakattstillingen Stolen på Steig, Nordlandsmuseet

ANDRE SESJON - LEDER PROFESSOR FRODE IVERSEN

13.40-14.10 Bygdetinget i komparativt lys. Kor særmerkt var det norske bygdetinget i ein nordisk og kontinental samanheng?
 Professor Jon Ragnar Myting, Høgskolen i Bergen
 14.10-14.40 Tingsteder på Vestlandet
 Stipendiat Halldis Hobæk, Universitetet i Oslo
 14.40-15.10 Tingsteder på Østlandet
 Stipendiat Marie Ødegaard, Universitetet i Bergen
 15.10-15.30 Ettermiddagskaffe med litt å bite i
 15.30-16.00 Meir enn ein marknad – innlandets kaupstemne
 Stipendiat Kjetil Loftsgarden, Universitetet i Bergen
 16.00-16.30 Vikingtidsplassen Bjørkum i Lærdal i lys av møteplasser, stevne, skeid og dans i historisk tid.
 Forsker Morten Ramstad, Universitetet i Bergen
 16.30-17.00 Tinget og integrasjon av det nordlige Norge 1100-1600
 Universitetslektor Miriam Tveit, Universitetet i Nordland
 17.00-17.15 Oppsummering ved professor Jørn Øyrehagen Sunde